

# Venterom og himlaleite

Så moro, så vakkert og så tankevekkjande!

Anne Berit Skeie

Den stadspesifikke sceneframføringa *Venterommet* er som livet sjølv. Kva er det vi ventar på?

Den baid på det meste, med ungdommens engasjement og alvor.

Før ein velkomst me fekk, me som kom med ferja ei kveidsstund i duskregnet. Ei raudkledd grasios Gerd Elin Birkeland på taket av venterommet på Ropeid. Ho dansa akkompagnert av regnvatn rundt dei grasiose leggane, og silhuetten til Erik Nerheim med saksofonen, som eit målarstykke av Christian Skredsvig, på fjellet på andre sida av Ropeidkaia, «dit det snart ikkje lenger legg til nokon båt».

Ferja legg til og etter å ha løyst inn billett i open kiosk! vert vi guida inn i Venterommet. Der måtte vi som publikum berre overgje oss – til poesi og dans, til alvor og skjemt, til fargar og musikk, og ein liten historietime om skottehandelen

på 1600-talet då Ropeid var eit skikkeleg trafikknutepunkt.

Og kunstoverraskingar! Kven ventar å finne eit venteromsdo pynta med velduftande roser rundt vasken og bli servert paraplydrinkar av ei vakker ung jente. Men med ei åtvarande peikefingerklo med levande rørsler på veggen.

Takk til sambygdingane våre Inger Bråtveit, Serina Erfjord, Erik Nerheim, Elin Gunnarsdotter Sandvik og Åshild Vetthus, og dei som kom utanbygd frå: Gerd Elin Birkeland, Annelise Grindheim, Marte Sæteren og regissør Ragnhild Thonning. Om det ikkje finst noka framtid for venterommet på Ropeid, finst det ei spennande framtid for desse unge entusiastiske kunstnarane. Måtte dei alle leve lenge i landet!

Den største takken går likevel til Elin Gunnarsdotter Sandvik som for fleire år sidan såg noko anna og meir i venterommet på Ropeid enn eit dyrt unyttig påfunn av Statens vegvesen. Ho er den som tok initiativet til framføringa, og eg seier med Halvdan Sivertsen: «Førr ei dame!»



På taket av venterommet på Ropeid dansa Gerd Elin Birkeland publikum velkommen.



Marte Sæteren, Elin Gunnarsdotter Sandvik og Annelise Grindheim i ulike, men kjønnslege, ventepositurar.